Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellevold

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 45 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter Jon J. Kjellevold f. 1/10. 1864

SVAR

Nr. 1. Det vart nytta mykje slikt for i den tida forteljaren voks opp. Dei kalla det berre "ris" n. Dei brukte berre bjørk, og riset vart helst brukt på seinvinteren og vårparten.

" 2. Dei kalla det berre "å gå i markja ette ris." Dei brukte ingen serskilt slede.

" 3. Det var helst på vårparten ein "henta ris". Elles tok dei jamt vinterveden heim heil, og risa han heime i tunet. Det finaste riset brukte dei så til krøtera.

" 4. Dei brukte jamnast ein vanleg sigd til å risa med. Men stundom brukte dei også ein "snil". Den var tjukkare og meir bøygd enn den vanlege sigden, - såg ut omlag slik:



" 5. Det var helst kyrne som fekk ris, og dei fekk det oftast i høyvandlane. Dei brukte jamt å viska vandlar før.

" 6. Riset tok ein inn i løa når ein hadde risa det. Ein la gjerne litt halm over det, og fukta det for at det ikkje skulle verta for turt og hardt. "Beitekost" var ikkje i bruk her.

" 7. Skikken var ukjent her.

2917

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING